



Sak nr D- Vår dato: 03.01.2018 Vår referanse: 2009/2163-000149/2018
Vår saksbehandlar: Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm Direkte telefonnr.: 53 42 30 69 Dykkar dato: Dykkar referanse:

HORDALAND FYLKESKOMMUNE
Postboks 7900
5020 BERGEN

HØYRING OM FORSLAG TIL ENDRING I TT-ORDNINGA INNSPEL FRÅ RÅD FOR MENNESKE MED NEDSETT FUNKSJONSEVNE, BØMLO KOMMUNE

Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Bømlo kommune har fylgjande innspel:

«Råd for menneske med nedsett funksjonsevne i Bømlo vurderer at det er mange forbetringar i endringsforslaget. Det vil vera ei føremon at den einskilde søker i større grad vert vurdert som eit sjølvstendig individ ved tildeling av brukarkvot.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne støttar det eldrerådet i vår kommune har uttalt, og oppmodar til at dette vert teke omsyn til i det endelege regelverket.

Uttale frå eldrerådet i Bømlo:

Innspel frå eldrerådet til høyringsuttale «endring i TT kort- ordninga»:

- T.T. kort for institusjonsbrukarar slik at dei kan kome seg ut med drosje
- T.T. kort for unge og gamle med psykiske lidingar. Det kan vera ei utfordring for dei å koma seg ut å måtta manøvrere mellom mange ukjente. Desse treng kort for å få kvalitet/delta i sosial samanheng
- T.T. kort vert bruka mest i vinterhalvåret. Dersom det er rest igjen etter sommarhalvåret så bør det kunna overførast til vinterhalvåret
- T.T. kort til eldre/einsame utan førarkort som bur i grisgrendte strøk»

Me beklagar at innspelet blir sendt inn etter innspelfristen. Håpar de likevel kan ta det med.

Med helsing
Bømlo kommune

Jorunn Jacobsen Folgerø-Holm
Rådgjevar helse sosial omsorg

Dette brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift

